



Kjersti Linn Bakke Hopland
Ikeland 55
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/5863 - 20/34913

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
10.06.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 168/3 Eikeland søndre

Tiltak: bygg til vidareforedling av gardsmat
Byggjestad: Gbnr: 168/3
Tiltakshavar: Kjersti Linn Bakke Hopland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om ferdigattest for tiltak på gbnr 168/3 Eikeland søndre 10.06.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld vilkår i vedtaket som ikkje er oppfylt:

- Det går fram av revidert situasjonsplan at faktisk plassering av bygget avvik frå godkjend plassering.
- Det går fram av oppdaterte teikningar at bygget er endra. Endringa omfattar planløyving og alle fasadar. I tillegg er det etablert platting med rekkverk på kvar gavlside av bygget.
- Det ligg ikkje føre innmålingsdata som viser faktisk plassering av bygget.
- Det ligg ikkje føre ferdigattest/mellombels bruksløyve for avløpsanlegget. Det er heller ikkje søkt om løyve til å etablere avløpsanlegget etter plan- og bygningslova, dvs. at avløpsanlegget ikkje har byggeløyve. Det løyvet som ligg føre for avløpsanlegget er utsleppsløyve etter forureiningslova.

Kommunen kan ikkje gje ferdigattest for tiltaket før vilkåra i byggeløyvet er oppfylt. Vi kan heller ikkje gje mellombels bruksløyve slik status i saka er.

Du må søkja om endring av gitt løyve i forhold til plassering og utforming av bygg og det må søkjast m løyve til å etablere avløpsanlegget etter plan- og bygningslova. Vi gjer merksam på at søknad om etablering av avløpsanlegget må sendast inn av føretak som kan godkjennast

for ansvarsrett. Du kan ikkje søkja om dette sjølv. Vi viser elles til vårt skriv datert 02.04.2020 der vi gav rettleiing i forhold til mellombels bruksløyve for tiltaket.

Når det er gitt endringsløyve og byggeløyve for avløpsanlegget kan vi behandla søknaden om ferdigattest for både driftsbygning og avløpsanlegg. Du må leggja ved søknaden innmålingsdata som viser plassering av bygg og avløpsanlegg.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan [sett inn 15.07.2020]. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kjersti Linn Bakke Hopland

Ikeland 55

5912

SEIM